Vestland fylkeskommune

Kultur, idrett og inkludering
KII - Kunst- og kulturutvikling

Vår referanse 2021/855-1
Dato 17.02.2021

Gulen kommune
Eivindvikvegen 1119
5966 EIVINDVIK

Informasjon om tilskot til kulturbygg og -arenaer 2021

Vestland fylkeskommune lyser i 2021 ut to tilskotsordningar til kulturarenaer. Her er informasjon om dei to ordningane, samt litt anna informasjon.

Vi ber om at brevet blir delt med dei som har ansvar for kultur og kulturbygg/-arenaer i kommunen.

Tilskot til kulturbygg
Dette er den tradisjonelle ordninga, finansiert med spelemidlar etter fordeling av Kulturdepartementet. Søknad er gjennom anleggsregisteret, og det er lokal søknadsfrist i kvar kommune.

Kommunen går gjennom søknadene for å sjå at dei stettar krava i tilskotsordninga. Dei som stettar krava og har lagt inn alle vedlegg som skal følgje søknaden, blir markert som «i orden» av kommunen i anleggsregisteret, og sendt vidare til fylkeskommunen **innan 30. april**. Er det fleire søknader frå same kommune, må kommunen innan same frist sende inn prioritert liste over søknadene, basert på politisk vedtak. Send kopi av vedtaket på e-post til sakshandsamar, age.avedal@vlfk.no, og legg prioriteringa inn på kvar enkelt søknad i fagsystemet i anleggsregisteret.

Hovudutval for kultur, idrett og integrering justerte retningslinjene i ordninga i møte i januar 2021, med m.a. endra prioriteringar. Du finn retningslinjene og informasjon om ordninga på nettsida vår: https://www.vestlandfylke.no/kultur/kunst--og-kulturutvikling/tilskot-til-kulturbygg/

Tilskot til kulturarenaer med regionale funksjonar
Denne tilskotsordninga var ny i Vestland i 2020, og blir lyst ut med søknadsfrist **30. april 2021.** Ordninga er for regionale kulturarenaer og kulturbygg og -arenaer med regionale funksjonar. I retningslinjene kan de lese meir om kva som ligg i «regional funksjon». Søkjarane nyttar ikkje anleggsregisteret, men fylkeskommunen sitt søknadsskjema som blir lagt ut på nettsidene våre. Søknadene blir tatt med i budsjettarbeidet i Vestland fylkeskommune, og vedtak om tilskot blir gjort av fylkestinget i desember 2021, i samband med budsjettvedtak for 2022.

Retningslinjer og informasjon om ordninga finn du på nettsida:
https://www.vestlandfylke.no/kultur/kunst--og-kulturutvikling/tilskot-til-kulturarenaer-med-regionale-funksjonar/

Andre tilskotsordningar og ressursar
Les om andre tilskotsordningar og ressursar på https://www.vestlandfylke.no/kultur/kunst--og-kulturutvikling/kulturbygg-og--arenaer/

Vi vil også tipse om Gjensidigestiftelsen si utlysing av midlar til «Gode sommeropplevelser for barn og unge», med søknadsfrist 9. mars: www.gjensidigestiftelsen.no.

Ta gjerne kontakt ved spørsmål!

Med helsing

Ronny Bjørnar Skaar
seksjonssjef

Åge Avedal
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Mottakarliste

Alver kommune	Postboks 4	5906	FREKHAUG
Askvoll kommune	Postboks 174	6988	ASKVOLL
Askøy kommune	Klampavikvegen 1	5300	KLEPPESTØ
Aurland kommune	Vangen 1	5745	AURLAND
Austevoll kommune	Birkelandsvegen 2	5392	STOREBØ
Austrheim kommune	Sætremarka 2	5943	AUSTRHEIM
Bergen kommune	Postboks 7700	5020	BERGEN
Bjørnafjorden kommune	Postboks 24	5649	EIKELANDSOSEN
Bremanger kommune	Postboks 104	6721	SVELGEN
Bømlo kommune	Leirdalen 1	5430	BREMNES
Eidfjord kommune	Simadalsvegen 1	5783	EIDFJORD
Etne kommune	Sjoarvegen 2	5590	ETNE
Fedje kommune	Postboks 54	5947	FEDJE
Fitjar kommune	Postboks 83	5418	FITJAR
Fjaler kommune	Dalstunet 20	6963	DALE I SUNNFJORD
Gloppen kommune	Grandavegen 9	6823	SANDANE
Gulen kommune	Eivindvikvegen 1119	5966	EIVINDVIK
Hyllestad kommune	Kommunehuset	6957	HYLLESTAD
Høyanger kommune	August Gunnarskogsgt. 1	6993	HØYANGER
Kinn kommune	Postboks 294	6701	MÅLØY
Kvam kommune	Grovagjelet 16	5600	NORHEIMSUND
Kvinnherad kommune	Rosendalsvegen 10	5470	ROSENDAL
Luster kommune	Rådhuset	6868	GAUPNE
Lærdal kommune	Postboks 83	6886	LÆRDAL
Masfjorden kommune	Austfjordvegen 2724	5981	MASFJORDNES
Modalen kommune	Postboks 44	5729	MODALEN
Osterøy kommune	Hatland	5282	LONEVÅG
Samnanger kommune	Tyssevegen 217	5650	TYSSE
Sogndal kommune	Postboks 153	6851	SOGNDAL
Solund kommune		6924	HARDBAKKE
Stad kommune	Rådhusvegen 11	6770	NORDFJORDEID
Stord kommune	Postboks 304	5402	STORD
Stryn kommune	Tonningsgata 4	6783	STRYN
Sunnfjord kommune	Postboks 338	6802	FØRDE
Sveio kommune	Postboks 40	5559	SVEIO
Tysnes kommune	Rådhuset	5685	UGGDAL
Ullensvang kommune	Opheimsgata 31	5750	ODDA
Ulvik kommune	Skeiesvegen 3	5730	ULVIK
Vaksdal kommune	Konsul Jebsensgate 16	5722	DALEKVAM

Vik kommune	Postboks 134	6891	VIK I SOGN
Voss herad	Postboks 145	5701	VOSS
Øygarden kommune	Ternholmvegen 2	5337	RONG
Årdal kommune	Statsråd Evensensveg 4	6885	ÅRDALSTANGEN